



Sunnfjord
kommune



Retningslinjer for tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket

**Vedtekne 14.05.2025 (Oppdatert med ny modell for tilskot taubane
2026)**

1	Innleiing.....	3
2	Bakgrunn.....	3
3	Utviklinga i skogbruket 2020-2024.....	3
3.1	Behov for justeringar i retningslinene i lys av utviklinga.....	4
4	Skogkultur	5
4.1	Prioritering	5
4.2	Tilskotssatsar	6
4.3	Vilkår.....	6
5	Drift med taubane, hest o.a.	6
5.1	Tilskotssatsar	6
5.2	Prioritering/ Vilkår.....	7
6	Bygging og ombygging av skogsvegar	8
6.1	Tilskotssatsar	8
6.2	Prioritering	8
6.3	Vilkår.....	9
7	Søknadar.....	9
7.1	Skogkultur.....	9
7.2	Drift med taubane, hest o.a.....	9
7.3	Landbruksveg	10
8	Rammeløyvingar og tilskotsbehov	10



1 Innleiing

Det følgjer av forskrift om tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket at kommunen skal fastsetje overordna retningslinjer for bruk av tilskotsmidlane/prioritering av tilskotssøknader. Retningslinene skal fastsetjast i dialog mellom kommune, Statsforvaltar og lokale næringsorganisasjonar knytt til skogbruk.

Gjeldande retningslinjer er frå 2020, vedtekne av Utval for samfunn, kultur og næring, 23.04.2020. Retningslinene gjeld fram til nye vert publisert. Det er no behov for å rullere retningslinene.

Sunnfjord kommune sine retningslinjer byggjer på erfaringar med gjeldande retningslinjer og tidlegare statlege retningslinjer, samt utviklinga i Sunnfjord skogbruket siste fire åra.

2 Bakgrunn

Frå 01.01.2020 vert vedtaksmynde for alle tilskot etter forskrifta overført til kommunane.

Ut frå regionale og lokale prioriteringar skal det stimulerast til auka verdiskaping i skogbruket, samstundes som miljøverdiar knytte til biologisk mangfald, landskap, friluftsliv og kulturminne i skogen vert ivareteke og vidareutvikla.

Verkeområdet til forskrifta er i hovudsak alle skogeigedomar med meir enn 10 dekar produktiv skog.

3 Utviklinga i skogbruket 2020-2024

Hogst/omsetning av tømmer aukar, det same gjeld aktiviteten på skogkultur

Dei følgjande tabellane syner hogstaktiviteten og aktiviteten på dei tre vanlegaste skogkulturtiltaka (med tilskot) for etablering av ny skog i kommunen 2020-2024

Hogst

År	Avverka Volum(m ³)	Verdi (kr)
2020	25 043	8 536 461
2021	45 775	19 742 067
2022	47 943	24 171 890
2023	76 804	38 385 924
2024	66 205	41 576 180



Planting

År	Tal planter	Areal	Kostnad (kr)	Tilskot (kr)
2020	68 880	285	475 714	251 371
2021	152 910	646	988 823	620 795
2022	236 010	930	1 704 225	727 964
2023	192 410	775	1 530 858	648 190
2024	300 910	1 260	2 544 924	1 065 209

Suppleringsplanting

År	Tal planter	Areal	Kostnad (kr)	Tilskot (kr)
2020	1 700	10	10 930	5 465
2021	13 525	97	105 328	57 825
2022	1 500	9	10 650	5 325
2023	25 735	178	210 310	84 124
2024	24 360	232	221 712	106 018

Ungskogpleie

År	Areal	Kostnad (kr)	Tilskot (kr)
2020	129	99 300	49 650
2021	35	25 000	12 500
2022	90	66 000	33 000
2023	76	52 400	26 200
2024	118	78 950	39 475

3.1 Behov for justeringar i retningslinene i lys av utviklinga

Statistikken syner at aktiviteten på hogst har auka kraftig og er siste to åra på rekordhøgt nivå. Auke i hogst aukar behovet for tilskot til skogsvegar, drift (vanskeleg terreng) og skogkultur.

Sjølv om aktiviteten i skogbruket har auka monaleg, så har ikkje rammeløyvingane på tilskotsmidlar frå departement/direktorat til Statsforvaltaren i Vestland auka. Konsekvensen er at Statsforvaltaren då heller ikkje har nok midlar å fordele ut til kommunane.

Nyplanting etter hogst, har tilsvarande auke som hogsten.

På området skogkultur, har Sunnfjord kommune til liks med mange kommunar i gamle Sogn og Fjordane hatt ein høg tilskotssats på nyplanting (50%), medan kommunar lenger sør i

fylket, nyttar 30%. Ein alt for stor del av tilgjengelege tilskotsmidlar går til nyplanting. Med rett avsetning og bruk av skogfond, så ser vi at tilskotssatsen kan reduserast. Vi ser at det er naudsynt å redusere tilskotssatsen på nyplanting til 30%. Vi har då rom for å oppretthalde tilskot til Suppleringsplanting (kring 70%) og ungskogpleie (50%) på uendra nivå.

Tilskot til skogsveg og drift med taubane, hest o.a (statlege LUF-midlar): Midlane er i ein pott utan øyremerking. Dvs at dess høgare aktivitet på drifter som løyser ut tilskot, dess mindre midlar vert det att til vegbygging. Vi opplever at det ikkje er midlar nok til å dekke tilskotsbehovet til skogsvegar.

For tilskot til drift med taubane, hest o.a er det lagt til grunn ein ny modell for utrekning av tilskot.

Tilskot til skogsveg, krev strenge prioriteringar. Tilskotsatsen på det enkelte anlegget må vurderast grundig. Vi må redusere tilskotsatsen på vegar der skogen sjølv gjev grunnlag for god økonomi (mykje hogstmogen skog). Her må vi stimulere skogeigarane til å nytte skogfond til dekking av eigendelen.

Tilskot er vesentleg for å stimulere til investeringar og drift. For kommunen er det eit mål å få mest mogleg ut av tilskotsmidlane som blir tildelt (fremje aktivitet). Skogfond som finansiering/investeringskjelde, må i tillegg nyttast aktivt. Bruk av skogfond med skattefordel er særst lønsamt for skogeigar. Å setje av tilstrekkeleg til skogfond ved hogst i lys av framtidige investeringar er viktig.

Administrasjonen byrja prosessen med rullering/revidering inn mot årsskiftet 2024. Gjeldande retningslinjer, utfordringane og behovet for endringar blei presenter i møte med landbruksforum (næringsorganisasjonane), den 29.11.2023. Endringar i retningslinjene kjem i stor grad som resultat av dialogen med Statsforvaltaren siste åra. Næringsaktørane (tømmerkjøparar/entreprenørar) har årleg møte med Statsforvaltaren (sist 04.02.2025), og administrasjonen varsla om endringar på tilskot til nyplanting pr e-post (20.02.2025).

4 Skogkultur

Tilskot til skogkultur (forynging av skog og ungskogpleie) er eit av dei viktigaste verkemidlane for å sikre/oppretthalde skogproduksjonen i framtida.

4.1 Prioritering

Etterslep på planting etter hogst er i stor grad henta inn. Vi veit vidare at mange nyplanta hogstfelt har stor avgang. Vi ser og veit at det er avvik/etterslep på felt som treng suppleringsplanting. Ungskogpleie treng auka merksemd.

Tilskot til planting, suppleringsplanting og ungskogpleie skal ha hovudprioritet for tilskot.

Suppleringsplanting og tilskot til tettare planting, følgjer og må tilpassast dei (til ein kvar tid) gjeldande føringar for sentralt tilskot (landbruksdirektoratet).

4.2 Tilskotssatsar

- Nyplanting 30 % (inntil 50 % dersom overføring frå staten vert auka)
- Suppleringsplanting kring 70 %
- Ungskogpleie 50 %
- Andre tiltak inntil 50 %

4.3 Vilkår

- Det skal normalt ikkje gjevast tilskot til skogkultur i landskapsregion 20
- Det skal ikkje gjevast tilskot til treslagsskifte i edellauvskog eller i områder med registrerte viktige naturtypar
- I verdfulle kulturlandskap
- I lokalt og regionalt viktige friluftsområde.

5 Drift med taubane, hest o.a.

NMSK-forskrifta § 7 seier at: «Det kan gis tilskudd til utdrift av skogsvirke med taubane, hest o.a.

Tilskudd kan bare gis der det er foretatt registrering av miljøkvaliteter i området. I områder der det ikke er foretatt miljøregistreringer, skal det stilles krav om gjennomføring av de førevar- tiltak som er nedfelt i Levende Skogs standarder”.

I Sunnfjord kommune står det mykje skog i taubaneterreng. Det er liten konkurranse med annan arealbruk på dei bratte areala og dei eignar seg godt til skogbruk.

5.1 Tilskotssatsar

Oppdatert modell/satsar for tilskot gjeldande frå 01.01.2026

Sunnfjord kommune nyttar ei variabel tilskotsordning som tilpassar seg tømmerprisane. Statsforvaltarane i taubanefylka har utvikla modellen i lag med Landbruksdirektoratet (haust 2025 – mars 2026). Sjå tabell neste side.

1. Maksimalt tilskot til taubanedrifter er kr 250 kr/m³ (sjå tabell)
2. Tilskotssatsen vert fastsett etter ei lineær utmåling (tømmerverdi ÷ driftskostnad = rotnetto)
3. Rotnetto avgjer tilskotssaten. Drifter med høg rotnetto (kr 250) vil ende ut med kr 0 i tilskot (sjå tabell).
4. Drifter med høg negativ rotnetto vil heller ikkje få tilskot (sjå tabell)

Modellen vil kunne ha ulike forutsetningar for utrekningar år for år, og satsar, vil kunne endre seg.

- Traktormontert slepebane og løypestreng. Tilskot etter same modell
- Drifter med hest etter same modell, men minimum kr 100/m³



		Gjennomsnitt virkesverdi				
		500	600	700	800	900
Driftskostnad	375	120	25	0	0	0
	400	130	50	0	0	0
	425	150	75	0	0	0
	450	170	100	0	0	0
	475	190	120	25	0	0
	500	200	130	50	0	0
	525	200	150	75	0	0
	550	200	170	100	0	0
	575	200	190	120	25	0
	600	200	200	130	50	0
	625	225	200	150	75	0
	650	250	200	170	100	0
	675	250	200	190	120	25
	700	250	200	200	130	50
	725	250	200	200	150	75
	750	250	200	200	170	100
	775	250	200	200	190	120
	800	250	200	200	200	130
	825	0	0	0	0	150
	850	0	0	0	0	170
	875	0	0	0	0	190
	900	0	0	0	0	200
	925	0	0	0	0	0
	950	0	0	0	0	0
	975	0	0	0	0	0
	1000	0	0	0	0	0

Tabellen syner driftstilskot/m³ for ulike rotnettoar for drift med taubane

5.2 Prioritering/ Vilkår

- Drifter i stormfeltskog skal til ei kvar tid prioriterast
- Tilskot til drift i vanskeleg terreng skal berre gjevast når drifta blir gjennomført i hogstmoden skog og på ein slik måte at det blir teke omsyn til skogens funksjonar i forhold til biologisk mangfald, landskapsverdiar, kulturminneverdiar og friluftsliv.
- Tilskot kan berre gjevast der det er gjennomført registrering av miljøkvalitetar (MiS).
- Etter hogst av gran skal det plantast til med gran. Skogfaglege vurderingar kan dispensere frå kravet.
- Alder på skogen må dokumenterast. Lågaste alder for å gje tilskot:

Bonitet	Lågaste totalalder	Tillegg til alder målt i brysthøgde
G26 og betre	55 år	+ 10 år
G23	60 år	+ 12 år
G20	70 år	+ 13 år



G17	80 år	+ 14 år
G 14	90 år	+ 16 år

- Det skal ikkje gjevast tilskot:
 - Om drifta kan motverke utbygging av rasjonelt vegnett i naturleg avgrensa driftsområde
 - Området skal nyttast til andre formål enn landbruksproduksjon

6 Bygging og ombygging av skogsvegar

NMSK-forskrifta seier at: *"Det kan gis tilskudd til bygging av nye eller ombygging av eksisterende skogsveier når dette bidrar til helhetsløsninger som gir grunnlag for utnyttelse av skog- og utmarksressursene."*

Vegen skal vere godkjend etter forskrift om planlegging og bygging av landbruksvegar *eller* plan- og bygningslova.

6.1 Tilskotssatsar

Følgjande satsar er retningsgjevande for samla tilskot til ulike vegklassar/typar:

- Tilskot til sekundærvegar/traktorvegar (klasse 7) inntil 45 %.
- Tilskot til bilvegar og tilkomstvegar som hovudregel 50%.
- Tilskot til større skogbilvegveggprosjekt med fleire partar og ulike føresetnader for bruk av skogfond 60%

Anlegg der det er brukt godkjend vegplanleggar kan få følgjande tillegg:

Detaljplanlegging	+4 %
Utarbeiding av anbod	+3 %
Oppfølging av anlegget under bygging	+3 %

Meirkostnader med endring av planen for eit veganlegg av omsyn til naturmiljø og friluftsliv, kan kompenseras med ein noko høgare tilskotssats.

Tilskot til overordna vegplanlegging, ligg til Statsforvaltaren og skal samordnast på fylkes-/regionnivå.

6.2 Prioritering

- Vegar (nybygging eller ombygging) i samband med vindfallhogst
- Større felles tilkomst-/hovudveganlegg med mykje hogstmoden skog og store produktive skogareal og vegar bygde som sams tiltak etter Jordskifteloven
- Andre anlegg i tråd med hovudplan for skogsvegar
- Bilvegar framfor traktorvegar

- Klasse 7 (tung traktorveg) der dekningsområdet er lite og der offentlig tilkomstveg ikkje er open for vogntog

Vegklasse 5 og vegar som løyser mykje lauvskog og lite annan skog skal prioriterast lågt. Det skal normalt ikkje gjevast tilskot til skogsvegar der anleggskostnadene er under kr 50.000,- og det vert ikkje gjeve tilskot til traktorveg klasse 8, eller enklare vegar.

6.3 Vilkår

- Byggjeplan skal utarbeidast, leverast til kommunen og vere godkjend før bygging byrjar
- Det skal først rekneskap utan mva. Utgiftene skal vere dokumenterte med fakturaer og timelister for eigeninnsats.
- Vegen skal meldast ferdig bygd og godkjennast av kommunen før sluttutbetaling av tilskot
- Vegen skal haldast ved like i den standard den er bygd
- Avtale om vedlikehald skal leggjast fram og vere underskriven av grunneigarane før tilskot vert utbetalt
- Hogst av gran i vegens dekningsområde skal plantast til med gran. Skogfaglege vurderingar kan dispensere frå dette.
- Kommunen og Statsforvaltaren vil gjennomføre vedlikehaldskontroll på veganlegg

7 Søknadar

Søknader skal leverast på aktuelt søknadsskjema eller via digitale løysingar frå eigen skogfondkonto. Det er ikkje søknadsfristar, men kommunen må rapportere til Statsforvaltaren på bruk, eventuelt trong for ekstra midlar.

Tiltak bør difor vere kjende for kommunen fortløpande. Alle søknadsskjema og digitale løysingar er tilgjengelege på landbruksdirektoratet.no

7.1 Skogkultur

- Søk [digitalt](#)
- Skjema [LDIR 909](#)
- Hugs kart
- Du må også laste opp/legge ved kopi av faktura for plantekjøp og arbeid. Eventuelt plantekjøp for eige arbeid

7.2 Drift med taubane, hest o.a

- Skjema [LDIR 916](#)
- Kart
- Dokumentasjon, sjå kap. 5.2



7.3 Landbruksveg

- Søknad om bygging [LDIR 902](#)
- Søknad om tilskot [LDIR 903](#)
- Kart
- Sjå kap. 6.2 og 6.3

8 Rammeløyvingar og tilskotsbehov

Statsforvaltaren fordeler rammer til kommunane for dei statlege tilskotsordningane som omfattast av forskrifta.

Denne fordelinga er underlagt instruksjonsretten hjå statsforvaltinga, og instruksjonsmynda er delegert frå Landbruks- og matdepartementet til Landbruksdirektoratet og statsforvaltaren. Avgjersler i medhald av denne instruksjonsmynda er ikkje enkeltvedtak, jf. forvaltingslova § 2, og kan ikkje klagast på.

Statsforvaltaren si fordeling mellom kommunane skjer med grunnlag i kommunane sine budsjetteringar og prioriteringar. Kommunane rapportar inn sine behov og prioriteringa i eit fylkesdekkande system, normalt i november- desember kvart år.

